

Referat styremøte 01/2011

Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

Møtet fann stad den 13.03.2011 i lokala til Systra kafe på Sjøholt.

Følgjande møtte:

- ✓ Odd Bjarne Bjørdal
 - ✓ Vidar Sunde
 - ✓ Nils Edmund Stråmyr
 - ✓ Kristine Punde Naastad
-

SAKER:

SAK 01/2011; Fylkesmeisterskap 2011

Styret diskuterte om ein skulle arrangere FM sjølv, eller om ein skulle gå saman med Sogn og Fjordane. ISG ville gå saman med Sog Fj. medan dei tre andre lokallaga ville arrangere sjølv.

Vedtak: MRGL skal arrangere fylkesmeisterskap i Bjørddalen i Ørsta kommune søndag den 02.10.2011. Kvart lokallag må stille med to personar til å hjelpe til med arrangementet i tillegg til deltakarar. Premiering som før. Fylkesmeisteren er automatisk kvalifisert til NM.

SAK 02/2011; Prøvereglement

Indre Sunnmøre Gjetarhundlag hadde fremja forslag om at ein ekvipasje "gå gradene" i dei ulike prøveklassene, og at ein ikkje skal kunne gå nedatt i klassene.

Vedtak: MRGL sender denne saka vidare til landsrådet/prøvenemnda med slik ordlyd. I prøvereglementet bør det stå at: Ein må ha godkjent klasse 1, med minst 60 poeng før ein får gå klasse 2. Må ha godkjent klasse 2, med minst 60 poeng før ein får gå klasse 3. Det skal ikkje vere anledning til å gå nedatt i klassene.

SAK 03/2011; Premiering landsprøve

Vedtak: Vi set av maksimalt kr. 4000,- til premiering av dei fem beste kvar dag, i tillegg til ei merksemd til domaren.

SAK 04/2011; Unghundcup

Styret diskuterte ulike modellar for ein unghundcup, men utan å konkludere. Synspunkta så langt var at det allereie er mange prøver, korleis bruke eksisterande prøver i ein slik cup, at det evt. skulle vere prøver som er enkle å arrangere, m.m.

Vedtak: Vi må kome attende til denne saka etter å ha arbeidd meir med den.

SAK 05/2011; Profileringsklede

På møtet vart det lagt fram forslag til logo som Andor Bjørke hadde utarbeidd. Ein av desse vil det vere aktuelt å arbeide vidare med.

Vedtak: Odd Bjarne arbeider vidare med saka.

SAK 06/2011; NM 2013

Representantane frå dei lokale gjetarhundlaga undersøkjer i sitt område om der er egna stad å arrangere noregsmeisterskap på. Dette med tanke på arena, sau, overnatting, middag m.m

SAK 07/2011; Talet på startande i NM

Frå ISG var det kome spørsmål om at det var vedteke at talet deltagarar i NM hadde vorte redusert til 90. I så fall gjorde dei framlegg om at talet på deltagarar burde vere 100 som i 2010. Dette var grunngjeve utifrå den aukande interessa for gjetarhundprøver i fylket. Fleirtalet i styret meinte at det kan vere praktiske årsaker til dette, og at ein frå vårt fylke truleg vil få med like mange ekvipasjar som i 2010.

Vedtak: Leiaren undersøkjer om det er vedteke i gjetarhundrådet å gå frå 100 til 90 startande i NM, og så gje ISG melding om svaret.

SAK 08/2011; Konkurransekurs med særskilt vekt på sortering og dobbelhenting.

Odd Bjarne har starta med å undersøke om Frankie McCullough kan halde kurs for oss. Han er irsk meister for 2010, og skulle ha mykje å bidra med. (Bilete og tekst nedanfor henta frå ISDS sine sider)



A very close runoff. Frankie McCullough and Craig ran first and scored 183, Peter Concannon and Rob second, scoring 182, and Frankie McCullough with Jake third, scoring 160. So, by a single point in the runoff, Frankie McCullough and CRAIG are this year's Irish National Champions - congratulations!

Vedtak: Leiaren følgjer opp arbeidet med å få til eit eller to slike konkurransekurs.

SAK 09/2011; Orienteringssak

Leiaren orienterte frå fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal Sau og Geit. MRGL fekk att kroner 7500,- Vi er ikkje nøgd, men vel å leggje denne saka "død". Tilskotet frå MRSR vart og redusert til kroner femtusen for året 2011!

Styremøtet blei etter dette avslutta kl. 20.00

Vestnes, 13.03.2011

Odd Bjarne Bjørdal, Kristine P. Naastad, Vidar Sunde, Nils Edmund Stråmyr
